

Til Miljøverndepartementet
Oslo - dep

Høyringsssvar til MD sitt høyringsutkast til forskrifter til matrikkellova. Tillegg til høyringsssvar av 06.06.2006 frå fagadministrasjonane i region Nordhordland og Gulen

Den 12.06.06 hadde SK Bergen invitert kommunane m.fl. til informasjonsmøte om den nye matrikkellova og utkastet til forskrifter. Under dette møtet kom det fram opplysningar som gjer at vi må koma med ei tilleggstilbakemelding kva gjeld MD sine merknader til § 17-1 4. ledd. **Denne merknaden er ikkje i samsvar med gjeldande praksis og heller ikkje etter vår vurdering i samsvar med formuleringa i Ot.prp.**

Det er eit gjennomgripande prinsipp der kommune har einerett til tenesteproduksjonen og det blir tatt betaling for denne, at det skal krevjast lik einingsbetaling i heile kommunen, og ikkje oppgjer etter kva den einskilde tenesta konkret kostar kommunen. Dette gjeld både styresmaktoppgåver så vel som tenester. Eks. på det siste er renovasjon, feiing, vatn og avlaup, heimeomsorg, FSO, barnehagar m.fl.


I Ot.prp. heiter det i MD sine merknader til § 38 om dette: Det er ein føresetnad at gebyrinntektene ikkje går utover kostnadene med å oppretthalda tenesta. Gebyrregulativet må spegle kostnadene med ulike typar forretningar. Forskriftsutkastet samsvarar med dette, men ikkje MD sine merknader til forskrifta. Premissane seier at sjølvkost skal baserast på einingsprisar, altså i samsvar med gjeldande praksis. (Prismodellen til MD er den som i Ot.prp. er tilrådd at kommunane brukar **der det ikkje er einerett!**)

Vi nemner at både MD og KRD ved utarbeiding av KS sin gebyrmaal for teknisk sektor i kommunane, meinte at kommunane kunne og burde bruka sine gebyrregulativ strategisk for å nå formåla med dei aktuelle lovene. Det inneber at kommunane kan ha lågare gebyr enn gjennomsnittskostnadene for visse typar saker f.eks. grensejusteringar og ta dekking av "underskotet" i aukande gebyr etter arealstorleik. Vi viser i så måte til KS sin rettleiar til gebyrmaalen. Dette er eit klart politisk akseptert prinsipp i både statleg og kommunal gebyrpolitikk. Og det står ingen stad i forarbeida til matrikkellova at ein nå skulle innføra eit nytt gebyrprinsipp. Dersom MD ønskte ei endring, måtte eit så grunnleggjande brot med innarbeidd praksis ha kome klart til uttrykk. Vi kan ikkje sjå at det er tilfelle. Når dei endelege forskriftene og MD sine merknader til desse kjem, reknar vi med at det påpeikte "feilskjeret" er vekke.

Knarvik, den 16.06.2006

Arne Aven (s)	Øyvind Tolleshaug(s)	Magne Instefjord (s)	Kåre Wiik (s)
Austrheim kommune	Fedje kommune	Gulen kommune	Lindås kommune
Anne Kristin Rafoss(s)	Jens Bjordal (s)	Kjell Langeland (s)	Kjell Brun (s)
Masfjorden kommune	Meland kommune	Modalen kommune	Osterøy kommune

Tore Rikstad (s)
Radøy kommune


Torbjørn Trageton, sekretær for gruppa

Gjenpart: Kommunenes sentralforbund